

Rauverud (gnr. 95)

Garden Raufnarwdh i Fåberg var og med ved det store jordegodsskiftet etter Harnikt Henriksson og fru Jorunn Sundolvstr. i 1442. Rauverud som Seter og Ånnerud og fleire av Fåberggardane gjekk da som kjent inn i arvelotten til biskop Olav av Bergen. Ein kan da vente snart etter reformasjonen i 1536 å finne desse gardane att som krongods. Og ganske riktig. I 1604 finn vi under Fåberg ein ødegård Røffrud innført i lensrekneskapen for Akershus. Frå 1614 går det tydeleg fram at Røfnerud var krongods, at landskylda av garden var ½ hud ell. 6 skinn, og at brukaren der da heitte Erik. Seks år seinare er det oppgitt at landskylda av Røffnerud var høgda til 9 skinn, og at garden høyrde med til det jordegodset som Kongen hadde fått av fru Gyrvil. Femten år seinare var i 1635 landskylda av Røffnerud atter høgda, og da til 1 hud eller 12 skinn. Samtidig går det og fram at det hadde vore brukarskifte, og at den nye brukaren heitte Ingell Røffnerud.

Ved matrikuleringa av gardane i 1668 vart gardnamnet framleis skrive Røffnerud, men namnet på brukaren Engell. Den samla landskyld av garden vart da oppgitt til 1 hud 3 skinn, som alt tilhørde "Kongen alene", så Engell var altså framleis bygselbonde eller leiglending der. – Om Rauverud og gardsbruket der er det elles fortalt at buskapen av store husdyr da var 2 hestar og 12 naut, og at det var skog nok til gards nytte og litt tømmerkog. Vidare er opplyst at Rauverud hadde seter og sommararbeite til krøtera på Nordsetra. Det er dessuten særskilt nemnt at det på Rauverud var ein liten humlehege, noko som kan tyde på at det ofte vanka gjester der som ville ha øl til maten.

I 1720 er husmannsplassen Roverudstuen nemnt. Det var da skifte der etter husmora Goro Halvorsdr. arvebuet omrekna i pengar utgjorde 60 rd., men skulda var like stor, så det var ingenting å skifte. Arvingane var og unge. Dei var: Eli Olsdr., som da var 9 år, og søstera Marthe, som var yngre.

Samtidig ser vi og på eit skifte som var på Rauverud d. 8. decbr. 1710. Den døde der var også husmora, som her heitte Kjersti Hansdr., og arvebuet utgjorde brutto 185 rd. og netto 182 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enkemannen Johannes Olufsen dei 6 borna i ekteskapet. Dei var: 1. Oluf, 2. Rasmus, 3. Lauridz, 4. Hans, 5. Guri, 6. Eli. – Året etter fekk eldte sonen, Oluf Johannesen bygselsedel på Rauverud og tok over gardsdrifta. Men 10 år seinare kom det ein ny mann til gards: Lars Madsen, som da fekk bygselsedel av foged Stenersen på "Kongens gaard Røfnerud, skyld 1 hud 3 skind". Den same Lars Madsen var elles sikkert ein god-for-seg kar, og i 1727 fekk han kongeskjøte frå "Friderich den fjerde konge til Danmark og Norge på en deres eiende andel i gården Røverud i Faaberg prestegjeld av skyld 1 hud 3 skind med bøxel for sum 530 rd." Kjøparen Lars Madsen skjøta elles straks grd. Roverud vidare til broren Svend Madsen for sum 550 rd.

I denne tid kom elles matrikkelframlegget av 1723 med fleire opplysningar om gardane. Der er det om rauverud fortalt at garden ligg i sollia og er ein lettbrukt gard med god jord. Husdyrhaldet på garden var da 2 hestar, 10 naut, 8 sauer og 6 geiter, og den årlege utsæden av korn var 4 tønner bygg og litt rug. Det er vidare opplyst at det låg ein husmannsplass med brukande jord til garden, sikkert Rauverudstugua, som vi alt har nemnt før. Same året, altså i 1723, fekk og Lars Madsen Rauverud og Hans Paulsen Bakke bygsel på ei graslykkje på "Auretta" seter med rett til å hauste 4 lass høy der mot årlrg avgift 8 skilling.

Svend Madsen, som kjøpte Rauverud i 1727, hadde garden til i 1747. Da selde han Rauverud til Ole Larsen Reistad for kjøpesum 560 rd. + føderåd til seljaren Svend Rauverud. Denne føderådskontrakten, som i det heile vitner om dei beste forhold mellom dei to familiane, har elles i ei utskrift av tingboka denne ordlyden:

"Røverud. Føderådskontrakt dat. 14. Desbr. 1746 tgl. 15. febr. 1747. Fra Ole Larsen Reestad av Faaberg til Svend Madsen Røverud og hustru Guri Christensdatter på føderåd av gården Roverud. Når de blir så gamle at de ikke selv kan se sig til gode, antar Ole Larsen dem som sine egne foreldre og forsyner dem med opvarting så lenge de lever. For dette skal Ole Larsen nyde 50 rd., dog ikke før begge er døde."

Same året, altså i 1747, døde elles Svend Madsen, og et var da atter arveskifte på "Roverud paa Skogen", som garden er kalla da. Den økonomiske stilling på Rauverud var da god, og dødsbuet utgjorde brutto 452 rd. og netto 427 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enka Guri Christensdr. to brør av Svend Madsen. Dei var: 1. Torkild Madsen Holen, 62 år, 2. Ole Madsen, husmand under Holen, 47 år. Enka, Guri Christensdr. satt elles framleis i gode kår, og i 1750 lånte ho brukaren, Ole Roverud, 180 rd. mot årleg rente og 1.pr.pant i 8 skinn i garden.

I 1751 er husmannsplassen Bergum omhandla. Brukaren Ole Røverud gav da bygselseddel til Ole Hansen på "en under hans gard Røverud til og underliggende husmandsplads kaldet Bergum mot årlig husleie". To år seinare tinglyste Peder Olsen sin odelsrett til Rauverud, men han fakk visstnok ifrå å krevja innløyising.

Ole Larsen som da var brukar på Rauverud, var gift med Berit Olsdr., og dei hadde fleire born. Det var: 1. Ole, født 1733, 2. Lars f. 1735, død som barn, 3. Lars f. 1739, 4. Marthe, f. 1745, 5. Christen, f. 1748, 6. Guri, f. 1762. Ole Larsen og Berit budde i den første tid dei var gifte på den eine av husmannsplassane under Rauverud.

Ole Larsen hadde Rauverud til i 1772. Da skjøta han garden til sonen Lars Olsen Rauverud for kjøpesum 600 rd. og føderåd for resten av levetida til faren Ole Larsen. Den nye brukaren Lars Olsen f. 1739 var i 1770 vorte gift med Marit Pedersdr. Dallerud, men dei fekk visstnok ingen barn. Lars Olsen gav derfor i 1798 skjøte på Rauverud framleis av skyld 1 hud 3 skinn, til broren sin, Ole Olsen Rauverud, for kjøpesum 800 rd. + føderåd til farbroren Lars Olsen med hustru Marit Pedersdr.

År 1801 kom påbodet om folketelling, og det budde da 5 familiar på Rauverud. Det var: 1. familie: Ole Olsen, husbonden, 24 år, 2. Berit Christensdr., kona hans, 25 år, 3. Lars Olsen, son deres, 2 år, 4. Lars Christensen, tenestkar, soldat, 20 år. 5. Lars Syversen, tenestkar, 30 år, 6. Anne Johansdr., tenestkvinne, 21 år, 7. Guri Olsdr., tenestkvinne, 18 år, 8. Marit Halvorsdr., tenestkvinne, 14 år, 9. Peder Jonsen, legdbarn, 9 år. 2. familie: 1. Lars Olsen, føderådsmann, 64 år, 2. Marit Pedersdr., kona hans, 63 år, 3. familie: 1. Erich Poulsen, husmann med jord, 60 år, 2. Marit Engebretsdr., kona hans, 58 år, 3. Engebret Erichsen, son deres, 18 år, 4. Ingebor Erichsdr., dotter deres, 15 år, 4. familie: 1. Johannes Poulsen, husmann med jord, 52 år, 2. Eli Eliasdr., kona hans, 46 år, 3. Inga Johannesdr., dotter deres, 15 år, 4. Martha Engebretsdr., pleiebarn, 11 år. 5. familie: 1. Michael Engebretsen, husmann med jord, 48 år, 2. Sidsill Olsdr., kona hans, 43 år, 3. Ole, son deres, 10 år, 4. Peder, son deres, 7 år, 5. Maren, dotter deres, 3 år, 6. Johannes, son deres, 2 år, 7. Ingrid Michelsdr., mor til mannen, 88 år.

Ole Olsen Rauverud var gift med Berit Christensdr. Sorgendal, og dei fekk i sitt ekteskap 2 barn. Det var: 1. Lars f. 1799, og 2. Marthe, f. 1803.

Av 1807 er ei sak mellom kaptein Weyhe og Ole Rauverud om bruksretten i ei felles sameige for Rauverud og Dallerud. Saka er elles etter utskrift referert slik: "Fåberg 17. juni 1807. Ole Roverud møtte og sa i anledning av en skrivelse til foged Lyng i åstedssaken, foranlediget av Kaptein Weyhe, avholdt på åstedet Roverud den 11. d. m.: At likesom det under saken er avgjort, at den pånevnte skogstrekning skal være en felles sameie så vel for Roverud som for Dallerud m. fl., så har han under samme sak frafaldt sin påstand om ene-eiendom til samme."

År 1819 kom det nye matrikkelframlegget for Fåberg med fleire opplysningar om gardane. Der er det om Rauverud fortalt at buskapen av store husdyr i den tid utgjorde 3 hestar, 16 naut, og at den årlege kornavlinga var kring 54 tønner. Det er vidare oppgitt at Rauverud da hadde 4 husmannsplassar. – To år seinare skjøta i 1821 husbonden Ole Olsen grd. Rauverud til son sin, Lars Olsen f. 1799, som framleis var brukar på Rauverud under matrikuleringa i 1838. Etter denne nye matrikkelen fekk Rauverud da nytt matrikelnummer, nr. 178, og ny matr.skyld rekna i skylddalar, ort og skilling: 8 dalar 2 ort 17 skilling, og var ein av dei større gardane i Søre Ål.

Lars Olsen f. 1799, som vart brukar på Rauverud i 1821, var gift med Sofie Thronsdtr., og dei fekk visstnok 5 born. Dei var: 1. Marte f. 1822, 2. Ole f. 1824, 3. Trond f. 1827, 4. Berte f. 1830, 5. Iver f. 1834.

Lars Olsen var eigar og brukar av Rauverud i 40 år; men i 1861 skjøta han garden til sonen Iver Larsen f. 1834 for kjøpesum 1200 spd. + føderåd for resten av levetida til foreldra Lars Olsen og Sofie Thronsdtr. Frå året etter er ein husmannskontrakt frå Iver L. Rauverud til og kona hans på plassen Hagen under Rauverud.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire og nyare opplysningar om gardane. Der er det om Rauverud fortalt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer i den tid utgjorde 377 mål, og av dette var 110 mål jord av 1. klasse. Samtidig er det oppgitt at buskapen på sjølve garden Rauverud da utgjorde 7 hestar, 24 storfe og 41 småfe, og at den årlege utsæden der var ca. 10 ½ tønne korn og 12 tn. settepoteter; men dertil var det tilsm. på husmannsplassane under garden 7 storfe og 31 småfe og ein årleg utsæd på ca. 2 ½ tn. korn og 5 tn. settepoteter.

I 1860-70-åra var det to større utskiftingar av skog i Fåberg Østfjell. Såleis vart i 1866-67 ein sameigesskog ved Nordsetra og Kvandalen utskifta, og i 1874-75 var det og utskifting av Afskokkeliens og Øiaamoens Sameie.

År 1886 kom den lenge førbudde nye, norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i mark og øre, og slik at det var 100 øre i 1 mark. Rauverud i Fåberg fekk da gardsnummer 95 av samla skyld 16,36 mark, og det var framleis berre 1 bruksnr. under gardsnr. 95, nemleg grn. 95, brn. 1 Rauverud av skyld 16,36 mark som Iver Larsen var eigar og brukar av.

Ved kommunevalet i 1901 budde det 7 personar med røysterett på og/eller ved Rauverud. Det var: Iver Larsen Roverud, gardbr., 67 år, 2. Lars Iversen, gardbr.son, 35 år, 3. Gudbrand Iversen, gardbr.son, 38 år, 4. Torvald Iversen, gardbr.son, 30 år, 5. Martinus Olsen, forpaktar, 37 år, ved Rauverud, 6. Johanne Johannesdtr., kona til forpaktaren, 42 , 7. Ole Andreassen Spikerudhaugen, husmann, 31 år. Dette var altså enda i den tid da røysterettsalderen var 25 år.

Av handlar med Rauverud eller parsellar av garden i seinare tid tek vi elles med at i 1931 overtok så Iver Larsen d. y. garden etter sin far og onkel, og i 1937 gav Iver Roverud skjøte til Leif Holen på grn. 95, brn. 2 Engjom av skyld 0,92 mark. Etter dette var det ved jordbrukstellinga i 1939 to gardsbruk under grn. 95 med eit samla jordbruksareal av åker, hage og eng kvar for seg på meir enn 10 mål (da). Det var: a. Grn. 95, brn. 1 Roverud med eit jordbruksareal på ca. 200 mål, som Iver L. Roverud var eigar og brukar av, b. Grn. 95,75, brn. 2,2 Engjom, jordbruksareal ca. 60 mål, eigar og brukar framleis Leif Holen.